

## Kontrollutvalet i Sogndal kommune

---

Kommunestyret i Sogndal Kommune

### Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen og årsrapport for 2022

Kontrollutvalet har i møte 25.4.2023 handsama Sogndal Kommune sin årsrekneskap for 2022.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen og kommunedirektøren sin årsrapport for 2022, samt revisjonsmeldinga for 2022.

Kontrollutvalet har merka seg at Sogndal kommune sin rekneskap viser eit negativt netto driftsresultat på kr 1 607 492 og eit udisponert resultat på kr 0.

Resultatet er betydeleg betre enn det som vart lagt til grunn i revidert budsjett. I revidert budsjett var netto driftsresultat negativt med 31,4 mill. kr.

Kontrollutvalet har registrert at betringa i driftsresultatet mellom anna skuldast høgare inntekter på skatt og rammetilskot i høve til budsjett med 30,6 mill.kr., medan andre generelle inntekter vart noko lågare enn budsjettert. Spesielt gjeld dette budsjetterte inntekter knytt til statstilskot for flyktningar. Samla sett har det for alle sektorane vore eit mindreforbruk i høve til budsjett på 7,2 mill. kr. Netto finansutgifter er om lag 1 mill. kr lågare enn budsjettert.

Kontrollutvalet viser til at teknisk berekningsutval si tilråding er at netto driftsresultat skal utgjere minimum 1,75% av driftsinntektene. Sogndal kommune har sett dette nivået som eit av sine økonomiske måltal. Resultatet til Sogndal kommune i 2022 vart på -0,11%. Resultatet er såleis for lågt til å nå dette målet.

Kontrollutvalet registrerer elles at det, sjølv om totalresultatet er betre enn budsjettert, er meirforbruk på mange ansvarsområde. Det er meirforbruk og/eller mindreinntekter innanfor følgjande tenesteområde: Kommunedirektør, Felles oppvekst, Skule, Fellesansvar helse og omsorg, Balestrand og Leikanger – sjukeheim og heimeteneste, Sogndal helse- og omsorgssenter, Heimetenester Sogndal, Legeteneste og Teknisk drift. I årsrapporten er det gjort nærare greie for avvik mellom budsjett og rekneskap på desse ansvarsområda.

Kontrollutvalet viser til ovannemnde og det som kjem fram i saksframlegget til kontrollutvalet si handsaming av saka. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til rekneskapen og årsrapporten til Sogndal kommune for 2022.

Sogndal, 25. april 2023

Laila Wigum  
Leiar kontrollutvalet

Kopi til: Formannsskapet